

SOGNEKRAFT AS
Røysavegen 1
6893 VIK I SOGN

Vår dato: 06.02.2023

Vår ref.: 200805993-139 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: Jacob Hornnes

NVE gir utsatt byggefrist for Offerdal kraftverk i Årdal kommune, Vestland

Vi viser til søknad fra Offerdal Kraftverk AS datert 17.01.2022 om å få forlenget byggefristen for Offerdal kraftverk med 5 år til 10.02.2027.

Bakgrunn

Konsesjon til Offerdal kraftverk ble gitt ved kgl. res 10.02.2017. Det følger av vassdragsreguleringsloven § 15 at det konsesjonsgitte tiltaket må påbegynnes innen 5 år fra konsesjonen ble gitt og fullføres innen ytterligere 5 år. NVE kan forlenge fristen med inntil fem nye år.

Søknaden

NVE har mottatt følgende søknad fra Offerdal Kraftverk AS datert 17.01.2022:

«Vi syner til kongeleg resolusjon av 10. februar 2017 der Offerdal Kraftverk AS fekk løyve til bygging av Øvre og Nedre Offerdal kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg i Årdal kommune og løyve om tilknyting, etter planendringssøknad, gitt av NVE i brev av 09.04.2018.

Ein syner også til klagesak om Statnett sitt brot på tilknytingsplikta for Offerdal kraftverk, mellom anna Sognekraft sitt brev til RME datert 20. januar 2020 og RME sitt vedtak i brev av 19.11.2020.

Sognekraft AS forvaltar konsesjonen på vegne av Offerdal Kraftverk AS og har saman med nettseksjonen i Sognekraft og no det nye nettselskapet Sygnir AS hatt fleire møter med Statnett for å sikre tilknyting til sentralnettet, seinast i møte 13. januar 2022.

Problemet er at det er for liten kapasitet på sentralnettet i Indre Sogn. Statnett er i gang med oppgradering av nettet der sentrale deler er temperaturoppgradering, installering av systemvern og bygging av ny transformatorstasjon i Fortun. Når dette er fullført vil dei kunne gi tilgang til nettkapasitet til kraftverka i Indre Offerdal og



Fardalen kraftverk i Årdal kommune. Dei 2 kraftverka til Hydro, Øyane og Illvatn, vil krevje ytterlegare tiltak.

Det er ikkje mogeleg å gjere investeringsvedtak og starte bygging av kraftverka til Offerdal Kraftverk AS før ein har fått tilsegn om nettkapasitet og ein søker difor om å få forlenga byggefristen med 5 år, til 10. februar 2027.»

Søknaden om forlenget byggefrist ble sendt NVE innen den opprinnelige fristens utløp.

Høring

Søknaden om forlenget byggefrist har vært sendt til Årdal kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for uttale. Høringsuttalelsene som kom inn, har ikke vært forelagt søkeren for kommentarer. NVE har mottatt følgende merknader til søknaden om forlenget byggefrist:

Statsforvaltaren i Vestland uttaler i brev av 30.11.2022:

«Statsforvaltaren tilrår at det blir vurdert om det bør gjennomførast ei ny naturfagleg kartlegging.

Vi viser til oversendinga 7.11.2022 som gjeld høyring av søknad om utsett byggjefrist for Offerdal kraftverk. Søknaden er grunngjeve med at det per i dag er for liten nettkapasitet på sentralnettet i området, til å kunne vedta investeringa og starte bygginga av kraftverket.

Statsforvaltaren har ikkje opplysningar om viktig naturmiljø som ikkje var kjent i konsesjonsprosessen for Offerdal kraftverk.

Vi har ikkje tilgjengeleg naturmiljørapporten frå konsesjonssøknaden, så vi har ikkje fått sett gjennom denne. På grunn av at det har gått lang tid sidan datainnsamlinga og naturmangfaldvurderinga, bør det vurderast om naturmiljørapporten held mål etter dagens rettleiar/metodikkkrav.

Ut over det har vi ikkje merknader til at det blir gitt utsett byggjefrist slik det er søkt om.»

Vestland Fylkeskommune uttaler i brev av 12.12.2022:

«Vi viser til brev av 07.11.2022 som gjeld høyring av søknad om utsett byggjefrist for Offerdal kraftverk.

Me viser til tidlegare høyringsinnspel. Desse gjeld framleis. I samband med høyring av søknad om utsett byggjefrist for Offerdal kraftverk har vi følgjande merknader:

Vassforvalting

Vi viser til at miljømålet i desse vassdraga er svært god økologisk standard. Det er viktig at dette målet ligg til grunn.

Friluftsliv

Det er føreslått massetipp nede ved fjorden i Indre Offerdal. Dette er i eit område vurdert som svært viktig friluftsområde. Følgjande er henta frå Naturbase: «gammalt sagbruk med mogelegheit for servering, overnatting og leige av lokal.» Lokale friluftsgupper brukar området til padling. Her er ein fin bade- og båtplass. Ein masstipp i dette området kan fort komme i konflikt med friluftslivsbruken.



Kulturminne

Vestland fylkeskommune har ikkje opplysningar om viktig kulturminne/kulturmiljø som ikkje var kjent i konsesjonsprosessen for Offerdal kraftverk. Ved høyringsuttale til søknad om bygging av Offerdal kraftverk i Årdal kommune rådde administrasjonen i dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune i frå at det vart gitt løyve til konsesjon, særleg grunna den store konsekvensen for kulturmiljøet «Ne fø`sjøen» og i dalføret oppover Indre Offerdal.

I høyringsuttala skreiv fylkeskommunen mellom anna: «Ned ved sjøen i Indre Offerdal, finn vi et svært rikt kulturmiljø med tydelege spor etter menneskeleg aktivitet over lang tid. Dei mest dominerande fysiske spora er knytt til vassvegane med vasskrafta frå elva og fjorden som transportåre. Her finn vi eit bygningsmiljø med trekk frå den gamle bondekulturen saman med element frå ei tidleg industrireising representert med oppgangssag og mølle. Dette kulturmiljøet har ein klar samanheng med dalføret oppover langs elva og utgjør eit samanhengande komplett "skogsamfunn" med spor etter heile prosessen frå skogkultur, hogst, fløyting og tilverking av furu til tømmer og trelast. Området har stor læreverdi og kan i dag opplevast som eit heilskapleg kulturlandskap. Mølledrifta i Indre Offerdal vart nedlagt i 1930- åra og saga gjekk ut av bruk i 1951. I dag er heile området eit svært viktig kulturmiljø av høg regional verdi og i klasse for freding. Heile vassdraget i Indre Offerdal har høg kulturhistorisk verdi, der bygningsmiljøet ved fjorden er det mest synlege i landskapet.»

Vi vil òg minne om uttale frå Riksantikvaren i samband tilleggsutgreiingar til avgrensa høyring om Offerdal kraftverk i 2015. I brevet sett Riksantikvaren fleire vilkår for å sikre kulturminneverdiane i Indre Offerdal. Riksantikvaren skriv at dei ikkje vil tilrå at det vert gjeve løyve til tiltaket dersom vilkåra er i konflikt med utbygging av kraftverket. Vilråa som vart sett er som følgjande:

- Riggområdet kan ikkje vere nærmare enn 100 meter frå bygningane «Ne fø sjøen».
- Riggområdet må settast i stand og revegeterast etter prosjektet er avslutta.
- Tipp skal utformast slik at den bryt sjøen og vernar «Ne fø sjøen» for bølgeskadar og må ikkje dekke ekisterande strukturar i vatn ved anlegget.
- Jordkabel må ikkje gravast slik at den fører til skadar eller ulemper for anlegget «Ne fø sjøen».

Årdal kommune uttaler i brev av 19.12.2022:

«Årdal kommune har ingen merknader til at Offerdal Kraftverk AS får utsett byggefrist til 10.02.2027.

Årdal kommune kjenner ikkje til nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengast.

Det har vore eigarskifte på eigedommane:

- 35/2 og 35/6
- 33/2, 34/2 og 33/3»

NVEs vurdering



En søknad om utsatt byggefrist innebærer ikke at det blir gjort en ny samlet vurdering av fordeler og ulemper ved tiltaket, slik det ble gjort i behandlingen av den opprinnelige konsesjonssøknaden. I saksbehandlingen skal NVE bare vurdere om det har oppstått nye eller endrede forhold siden konsesjonstidspunktet. Dersom det kommer frem ny vesentlig informasjon, kan NVE avslå en søknad om forlenget byggefrist. Et sentralt moment i vurderingen vil være om det kan settes nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis, understøttet av forarbeidene til vannressursloven og den reviderte vassdragsreguleringsloven, tilsier likevel at det har vært forutsatt at det skal praktiseres lempelighet ved fristforlengelser.

Søknaden om forlenget byggefrist har vært sendt til Årdal kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for uttale. Ingen av høringspartene uttrykte seg negativt til en forlengelse av byggefristen, men Statsforvaltaren og fylkeskommunen påpekte forhold NVE burde være oppmerksom på og ta hensyn til i sine vurderinger.

Statsforvalteren stiller spørsmål om de tidligere registreringer av naturtyper og biologisk mangfold er gode nok sett i forhold til det man eventuelt ville ha kommet frem til ved bruk av dagens gjeldende veileder og krav til metodikk. Kartleggingene er utført i flere omganger, men endelig miljørapport er fra 2011. Siden den gang har NVE revidert veileder for dokumentasjon av biologisk mangfold flere ganger, samtidig som nasjonal rødliste og kriterier for verneverdier er blitt revidert og justert. NVE har hatt en gjennomgang av naturbase, artskart, samt økologiske grunnkart for gjeldene tiltaksområde. Sannsynligheten for å finne verdifulle arter og naturtyper gjennom ny kartleggingsmetodikk, utover de funn som allerede er gjort, mener vi er liten. Følgelig mener vi kunnskapsgrunnlaget for naturtyper og biologisk mangfold er tilstrekkelig til å behandle søknaden om utsatt byggefrist.

Vestland fylkeskommune minner om tidligere høringsinnspill om vannforvaltning (god økologisk tilstand), friluftsliv ved fjorden i Indre Offerdal og kulturminner/kulturmiljø i forbindelse med den opprinnelige konsesjonssaken og at disse gjelder fortsatt. NVE mener det ikke fremkommer nye momenter fra fylkeskommunen som ikke ble vurdert og hensyntatt da konsesjonen ble gitt i 2017.

Offerdal Kraftverk AS begrunner sin søknad om byggefristutsettelse med manglende tilsagn om nettkapasitet i området der kraftverket skal bygges. Det opplyses om at Statnett er i gang med oppgradering av nettet i indre Sogn der sentrale deler er temperaturoppgradering, installering av systemvern og bygging av ny transformatorstasjon i Fortun og at når denne oppgraderingen er på plass, vil det bli mulig å få koblet Offerdal kraftverk til nettet. NVE har for tiden Statnetts søknad om nye Fortun transformatorstasjon til behandling. NVE har forståelse for dagens situasjon med manglende nettkapasitet og at det er vanskelig å få gjort et investeringsvedtak og startet bygging av Offerdal kraftverk før nettsituasjonen er helt avklart i forhold til pågående oppgradering av nettet.



NVEs vedtak

NVE kan ikke se at det foreligger ny informasjon som tilsier at søknaden om forlenget byggefrist for Offerdal kraftverk bør avslås. I medhold av vassdragsreguleringsloven § 15, forlenges byggefristen med inntil fem år, til 10.02.2027.

Vilkårene for øvrig er de samme som i tillatelsen av 10.02.2017.

Offerdal kraftverk fikk ny anleggskonsesjon 09.04.2018. Vi minner om post 4 i vilkårene som lyder: «*Anlegget skal være ferdigstilt, bygget i henhold til denne konsesjonen og idriftsatt innen 5 år fra endelig konsesjon*». Det må søkes om fornyelse av anleggskonsesjonen dersom vilkåret ikke er oppfylt innen 09.04.2023.

Om klage og klagerett

Se eget vedlegg om klageadgang.

Med hilsen

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
Seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakerliste:

SOGNEKRAFT AS

Kopimottakerliste:

Årdal kommune

Offerdal Kraftverk AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 uker fra den dagen vedtaket kom frem til deg. Hvis vedtaket ikke har kommet frem til deg, starter fristen å løpe fra den dagen du fikk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkelig at du postlegger klagen før fristen løper ut. Klagen kan ikke behandles dersom det har gått mer enn 1 år siden NVE fattet vedtaket
Du kan få begrunnelsen for vedtaket	Hvis du har fått et vedtak uten begrunnelse, kan du be NVE om å få en begrunnelse. Du må be om begrunnelsen før klagefristen løper ut.
Hva skal med i klagen?	Klagen bør være skriftlig. I klagen må du: • Skrive hvilket vedtak du klager på. • Skrive hvilket resultat du ønsker. • Opplyse om du klager innenfor fristen. • Undertegne klagen. Hvis du bruker en fullmektig, kan fullmektigen undertegne klagen. I tillegg bør du begrunne klagen. Dette betyr at du bør forklare hvorfor du mener vedtaket er feil.
Du kan få se dokumentene i saken	Du har rett til å se dokumentene i saken, med mindre dokumentene er unntatt offentlighet. Du kan henvende deg til NVE for å få innsyn i saken.
Vilkår for å gå til domstolene	Hvis du mener vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan bare gå til søksmål dersom du har klaget på NVEs vedtak, og klagen er avgjort av OED som overordnet forvaltningsorgan. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 måneder siden du sendte klagen, og det ikke skyldes forsømmelse fra din side at klagen ikke er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekket vesentlige og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innen 3 uker etter at klagevedtaket kom frem til deg.
Hvem kan klage på vedtaket?	Hvis du er part i saken, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket hvis du har rettslig klageinteresse i saken.
Hvor skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endres. Dersom NVE ikke endrer vedtaket, vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringen er basert på forvaltningslovens regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.